

Får leige dyrkamarka på Rød i 20 år

26.03.2014



Får leige i 20 år på Rød

Runar Myklebust får konsesjon på leige av dyrkamarka til Hallvard Rød i 20 år for produksjon av for, har kommunen vedteke. Det heiter at søknaden vil sikre drifta av dyrka jord på garden og samstundes gje Myklebust sikkerheit for drift dei neste 20 åra. Administrasjonen har ikkje funne noko som talar mot konsesjon.



Runar Myklebust har dyrka opp nedover mot fjorden

Runar Myklebust har allereie i ei årrekkje vore engasjert i drifta på

Rød. Han har pakta 30 mål av Hallvard og dyrka opp omlag 8 nye mål i området ned mot fjorden. Det var dyrka der før, men dyrkinga var ikkje fullført.

Runar satsar sterkt på ei framtid som bonde. Han slår graset på 260 dekar og har 120 dyr med stort og smått.No har han 35 årskyr som mjølkar.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen